

**NEDKLASSIFISERING AV KOMMUNALE VEGER**

Saksnr	Utval	Møtedato
	Teknisk utval	14.03.2019
	Formannskapet	26.03.2019
	Kommunestyret	09.04.2019

**RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

1. Kommunestyret vedtar at følgende vegar skal være kommunale, men at vintervedlikeholdet skal overføres til private frå 01.08.2019:
  - a. Veg nr.3 Hålandsvegen
  - b. Veg nr. 12 Askeland
  - c. Veg nr. 16 Erland
  - d. Veg nr. 20 Sandbekken – vintervedlikehold på bestilling i frå kommunen ved kommunale arrangement.

Dette er vegar som gir tilkomst til turområder. For Sandbekken er turaktiviteten liten gjennom vinterhalvåret.

2. Kommunestyret vedtar at følgende vegar skal nedklassifiserast frå kommunale til private, for heile eller deler av vegen frå 01.08.2019:
  - a. Romsalandsvegen, siste del av vegen
  - b. Straumsvegen, siste del av vegen
  - c. Espeviklia, heile vegen
  - d. Silgjerdalen + arm til Silgjerd, heile vegen
  - e. Bjellandsvegen, heile vegen
  - f. Alvstveit Hinderåvåg, vegen blir privat frå vegkryss
  - g. Nedstrandsvegen mot Støla, vegen blir privat frå oppdrettsanlegget
  - h. Baustadvegen, heile vegen
  - i. Aksland, siste del av vegen
  - j. Stuvikneset Nedstrand, vegen til «Norsybygget» blir privat
  - k. Dalvavegen, heile vegen
  - l. Skogøy, heile vegen
  - m. Skoglandsvegen, heile vegen
  - n. Sundfør (kaien), heile vegen
  - o. Hetland mot Vatnem, heile vegen
  - p. Kårstøvegen mot Sandvik, Kårstø, heile vegen
  - q. Brattabø, veg frå nytt kryss og veg ned til småbåthavn blir privat
  - r. Hersdal, siste del av vegen
  - s. Brekke, heile vegen

Vegen frå Leirå og Hervikvegen er kommunal veg. Vegen til Sundfør, gamlevegen langs E39, er privat veg.

3. Tysvær kommune behald eigedomsretten til veggrunnen etter at vegen er nedklassifisert.

4. Tysvær kommune gir rådmannen fullmakt til å tiltre aktuelle veglag.
5. Tysvær kommune gir rådmannen fullmakt til å justere/seie opp inngåtte kontraktar for vegvedlikehald/brøyting.

Sigurd Eikje  
rådmann

Bjørn Bruaset  
Teknisk sjef

## SAKSUTGREIING:

### Bakgrunn

Denne saka blei først lagt fram for teknisk utval den 6.10.2016. Saka blei sett på sakskartet til formannskapet den 18.10.2016, men trekt i møtet på grunn av ønske om avklaring på Rogaland fylkeskommune sitt arbeid for å omklassifisera fylkesvegar. Fylkeskommunen har latt saka liggje. Saka blei på nytt behandla som ei orienteringssak i teknisk utval 30.08.2018 og formannskapet 18.09.2018.

Tysvær kommune har nå under utarbeiding hovudplan for kommunale vegar. Dette er ein plan for forvaltning- drift- og vedlikehald av kommunens vegar. Tysvær kommune har drifts- og vedlikehaldsansvar for 124 km kommunale vegar og 19 km kommunal G/S. Av dette utgjer andelen kommunale vegar utanfor regulert område ca. 57 km. Etterslepet på vedlikehald av vegar og vegobjekt er nå ca kr 60 mill. Tabellen under viser tilstandsgradene på 124 km kommunal veg gj kartlegginga som er gjennomført i hovudplanen for kommunale vegar.

OK/Liten alvorlighet	4925 mtr
Middels skadet	68371 mtr
Store skader	49371 mtr
Kritisk skadet vei	1448 mtr

For å komme vidare i prosessen med nedklassifisering av kommunale vegar, legg rådmannen nå saka fram på nytt. I forbindelse med formannskapets behandling vurderer rådmannen å leggje opp til synfaring.

I denne saka blir det gitt ei vurdering av kva vegar utanfor regulert område kommunen fortsatt bør ha ansvar for. Saka er ein del av ein samla plan for kommunens eigedomsmasse. Vegar som kommunen, etter rådmannens vurdering, ikkje lenger bør ha ansvar for, vil rådmannen føreslå nedklassifisert til privat veg. Nedklassifisering av veg vil bety at private oppsittarar og rettighetshaverar overtar vedlikehald av vegen. Ei viktig grunngeving for å nedklassifisere kommunale vegar er kommunens behov for å prioritere lovpålagte oppgåver og redusere veksten i utgifter til drift og vedlikehald av vegar. I tillegg vil det være viktig å sikre ordningar som kommunens innbyggjarar opplever som rettferdige og balanserte.

### Dokumentasjon og vurderingar

#### 1. Aktuelle lovføresegn

Veglova, LOV-1963-06-21-23,§1 definerer kva som er offentleg veg. Ein offentleg veg definerast som ein veg eller ei gate som er open for allmenn ferdsel, og som vedlikehaldas av det offentlege. Det er vidare eit krav at kommunale vegar skal føras opp i eit register, veglova § 52,ny §. Kommunale vegar blir registrert i ein egen vegdatabase. Kommunen er etter § 9.2 vegmyndigheit, og kan bestemme kva standard vegane skal ha.

Kommunestyret kan etter § 7.3 fatta vedtak om at kommunal veg skal leggjast ned/nedklassifiserast til privat veg. Dette inneber at vegen må være tatt opp som kommunal veg, jfr.§ 5.2. Det er ikkje eit krav om opprusting av kommunal veg før den kan bli nedklassifisert. Når vedtak om nedklassifisering er gjort, blir vedlikehaldsansvaret overført til eigarar og brukarar av vegen, § 54.1. Det skal etter § 55 etablerast eit veglag. Vedlikehaldsplikten er knytt til bruken av vegen, og ikkje til eigedom.

Eit vedtak om å ta opp privat veg som kommunal veg, reknast som ei politisk avgjerd og ikkje som eit vedtak etter forvaltningsloven, LOV-1967-02-10-00. Av dette følgjer at ein også kan sjå på eit vedtak om å nedklassifisere kommunal veg som ei politisk avgjerd. Konsekvensen av dette blir at kommunestyrets vedtak ikkje kan påklagast etter forvaltningslovens § 28 flg. Prinsippet om forsvarleg sakshandsaming gjeld fortsatt, og saka må undergis ei grundig behandling. Dei som det gjeld må få øve innflytelse på saka. Kommunen la derfor ut oversikt med kart som viser aktuelle vegar på kommunens nettsider sommaren 2016. Det blei satt inn kunngjering i Haugesunds Avis og Tysvær bygdeblad med 4 veker frist for å gje merknadar.

## 2. Kriterier for kommunale vegar

Tysvær kommunestyre vedtok i sak nr. 22/15 kriterier for kommunale vegar. Saka gjeld bare kommunale vegar utanfor regulert område. Saka opnar for at vegar som ikkje oppfyller kriteriene, kan bli nedklassifisert til privat veg. Kriteriene byggjer på ei rimelegheitsvurdering kor meir ansvar blir lagt på bustad -, hytte- og næringsdrivande.

Følgande kriterier blei vedtatt for at veg kan bli omklassifisert frå kommunal veg til privat veg:

1. Vegen fører ikkje til område for allmenn ferdsel.
2. Det er mindre enn 10 bustadhus knytt til vegen. Bustadhus på gardsbruk skal kunne regnes med i dette talet.
3. Vegen er mindre enn 1500 meter lang.
4. Vegen er i hovudsak nytta til hytte- og fritidsbustader.
5. Vegen er i hovudsak nytta til framdrift av skogsvirke.
6. Vegen er i hovudsak tilkomstvei for privat næringsverksemd.
7. Vegen har ikkje standard etter regler for kommunal veg i Tysvær kommune 1).
8. Vintervedlikehald av kommunale vegar. Kommunestyret kan vedta at brukarar av kommunal veg skal ha vintervedlikehaldet av vegen.

- 1) Jfr. også retningslinjer for vegar i Tysvær kommune vedtatt i kommunestyret 19.03.2013, som seier kva standard kommunale vegar i Tysvær skal ha. Retningslinjene er lagt som vedlegg til saka.

## 3. Vurdering av aktuelle vegar

Etter ein gjennomgang av dei kommunale vegane har rådmannen gjort ei vurdering av kvar enkelt veg ut frå kriteriene nemnt ovanfor. Ei oversikt over kva vegar dette gjeld blei annonsert bl.a. i Tysvær Bygdeblad og Haugesunds Avis sommaren 2016. Høringsfristen blei satt til 11.07.2016.

Oversikten over aktuelle vegar under høyringa er tatt med nedanfor:

- 1 Romsalandsvegen
- 2 Straumsvegen
- 3 Hålandsvegen
- 4 Yrkjesvegen
- 5 Espeviklia
- 6 Silgjerdaldalen
- 7 Muslandsvåg (til nedlagt butikk)
- 8 Bjellandsveien
- 9 Alvstveit (Hindervåg)
- 10 Støla
- 11 Baustadvegen
- 12 Aksland
- 13 Stuvikneset, Nedstrand,
- 14 Dalavegen,
- 15 Leirå
- 16 Erland, forblir kommunal veg
- 17 Skogøy
- 18 Hervikvegen
- 19 Skoglandsvegen
- 20 Sandbekken
- 21 Sundfør (gamlev. langs E39)
- 22 Sundfør, ned til kaien
- 23 Vatnem
- 24 Sandvik (Kårstø)
- 25 Brattestø
- 25 Haugsnes
- 26 Hersdal
- 27 Brekke

Ved fristens utløp, den 11.07.2016, var det kome inn 21 merknader innan fristen og nokon etter fristen, jfr. vedlegg. Alle merknadar/innspele er vurdert i denne saka.

#### **Romsalandsvegen:**

1 merknad. 1 person meiner at siste del av vegen må bli varande kommunal.

##### *Rådmannen sin kommentar:*

Siste del av vegen er på ca. 460 meter og tal hus er færre enn 10 stk. Vegen bør derfor privatiseras, jfr. kriterier vedtatt i sak nr. 22/15.

#### **Straumsvegen:**

6 merknader. 8 personer meiner at siste del av vegen må bli varande kommunal. Dei meiner at saka om nedklassifisering er dårleg grunngjeva, og at kommunale vegar gir ein sikkerhiet for dei som bor utanfor tettbygd strøk. Ein nedklassifisering er eit tilbakeskritt for velferda.

##### *Rådmannen sin kommentar:*

Siste del av vegen er på ca. 330 meter og tal hus er færre enn 10 stk. Vegen bør derfor privatiseras, jfr. kriterier vedtatt i sak nr. 22/15.

#### **Hålandsvegen:**

3 merknader. Ein merknad på vegne av bebuarane langs vegen. Vegen er bratt og smal. Store problem og negative konsekvensar dersom vintervedlikehaldet blir overlata til brukarane av vegen. Det er veterinærtjeneste i enden av vegen.

##### *Rådmannen sin kommentar:*

Vegen gir åtkomst til allmenn ferdsel, tursti til Ørnen. Rådmannen foreslår derfor at vegen blir varande som kommunal veg, men at vintervedlikehaldet overførast til brukarane av vegen, jfr. kriterier vedtatt i sak nr. 22/15.

#### **Yrkjesveien:**

1 merknad. Kommunen må sikre framtidig allmenn bruksrett til veg og kai. Gjelder også rett til parkering og åtkomst til fortøyingsfester. Heile vegen fram til kaien må bli varande kommunal.

##### *Rådmannen sin kommentar:*

Kommunestyret vedtok i sak nr.47/16 å nedklassifisere Yrkje kai til privat kai. Heile vegen ned til Yrkje kai er på 950 meter. Når nå kaien er nedklassifisert, ser rådmannen det som naturleg at siste del av vegen, ca. 150 meter, blir nedklassifisert til privat veg. Kommunen har mottatt merknader til forslaget om nedklassifisering frå fiskarlag og brukarane av siste del av vegen. Alle er opptatt av at tilkomsten til kaien må bli sikra for allmenta. Rådmannen er likevel innstilt på at siste del av vegen blir nedklassifisert, og at brukane blir ansvarleg for vedlikehaldet. Kommunen beheld eigedomsretten til veggrunnen. Det bør etableras eit veglag, jfr. veglovens § 54,§ 55.

For å avklare rettslege tilhøve til Yrkje kai er det gjennomført rettsmekling i regi av Haugalandet og Sunnhordland jordskifterett der utfallet vart forlik. Forliket føreset at kommunen som vegmyndighet omklassifiserer siste del ca 150 meter frå offentleg til privat veg og at grunneigar i framtida blir eigar av vegen. Ei tid etter rettsforliket kom det inn krav til jordskifteretten frå fleire hytteeigarar på Vindafjordsida av Yrkefjorden om bruksrett til Yrkje kai med bakgrunn i hevd. Rådmannen har i brev til jordskifteretten opplyst at Tysvær kommune vil avvente omklassifisering av vegen til Yrkje kai til kravet frå andre partar knytta til same veg er avklart. Yrkje kai er difor ikkje føreslått omklassifisert i denne saka.

#### **Silgjerdsdalen + arm til Silgjerd:**

1 merknad på vegne av 27 personer som bor langs vegen. Vegen må bli varande kommunal. Vegen fører til områder med allmenn ferdsel. 13 stk. bustadhus er knytt til vegen.

##### *Rådmannen sin kommentar:*

Rådmannen har føretatt vurderinga om privatisering ut frå at det er færre enn 10 bustadhus langs vegen. Vegen bør derfor privatiseras, jfr. kriterier vedtatt i sak nr. 22/15.

#### **Bjellandsvegen:**

1 merknad på vegne av 19 personar som bor langs vegen. Vegen blie kommunal for 60 år sidan. Eit sterkt ønskje om at vegen blir varande kommunal. Privatisering av vegen er eit virkemiddel for å få fart på fråflyttinga langs Bjellandsvegen. Ønsker heller tiltak som kan anspore til tilflytting.

*Rådmannen sin kommentar:*

Hele vegen er på ca. 885 meter og tal hus er færre enn 10 stk. Vegen bør derfor privatiseras, jfr. kriterier vedtatt i sak nr. 22/15.

**Alvstveit (Hindervåg):**

1 merknad på vegne av grunneigarane av vegen. Vegen må bli varande kommunal. Blir flittig brukt ifm. utflukter, til badeplass og ridning, av elevar ved Tveit vidaregåande skule, sykkelløp, til turløyper.

*Rådmannen sin kommentar:*

Rådmannen finner det naturleg at ca. 1.620 meter veg blir nedklassifisert til privat veg, frå vegkryss til Alvstveit. Det er 10 stk. hus knytt til vegen. Det vises til kriterier vedtatt i sak nr. 22/15.

**Stuvikneset, Nedstrand:**

1 merknad. Merknaden gjeld del av privat veg som ligg på kommunal grunn. Merknaden gjeld derfor ikkje saka direkte.

*Rådmannen sin kommentar:*

Forslaget til privatisering gjeld ca. 52 meter veg inn mot «Norsybygget». Tal hus er færre enn 10 stk. Vegen bør derfor privatiseras, jfr. kriterier vedtatt i sak nr. 22/15.

**Skogøyvegen:**

1 merknad på vegne av 18 personar. Dei ønskjer på det sterkaste at vegen blir varande kommunal. Det er 10 hus langs vegen. Vegen blir brukt som tur og rekreasjonsstad.

*Rådmannen sin kommentar:*

Heile vegen er ca. 950 meter og tal hus er færre enn 10 stk. Vegen bør derfor privatiseras, jfr. kriterier vedtatt i sak nr. 22/15.

**Skoglandsvegen:**

3 merknader på vegne av personar som bor langs vegen. Vegen må bli varande kommunal. Privatisering vil gjere det vanskeleg å oppretthalde busetting. Vegen kan bli stengt for allmenn ferdsel. Vegen blei bygd med tilskot frå det offentlege, og med eigeninnsats frå grunneigarane. Dokumentasjon som viser avtalane som låg til grunn når vegen blei bygd bør leggjast fram. Fordeling av vedlikehaldskostnader til vegen kan bli vanskeleg. Fleire av bebuarane langs vegen er eldre personar som har/kan få behov for hjelp frå kommunen. Standarden på vegen må hevas før kommunen vurderer å privatisere den.

*Rådmannen sin kommentar:*

Hele vegen er på ca. 1.717 meter. Det er registrert færre enn 10 hus langs vegen, og den bør derfor privatiseras, jfr. kriterier vedtatt i sak nr. 22/15.

**Brekke:**

1 merknad. Spørsmål: Kven eig veggrunnen? Kan ein nedklassifisert veg bli stengt av grunneigar?

*Rådmannen sin kommentar:*

Kommunen skal fortsatt være eigar av veggrunnen, jfr. veiloven § 8.2. Nedklassifisert veg kan ikkje bli stengt av grunneiar. Brukarane av vegen må ta sin del av vegvedlikehaldet. Vegen er på ca. 325 meter, og tal hus er færre enn 10 stk. Vegen bør derfor privatiseras, jfr. kriterier vedtatt i sak nr. 22/15.

**1 stk. merknad gjeld for alle dei aktuelle vegane:**

Vegane må bli varande kommunale. Tenestetilbodet i grisgrendte strøk må oppretthaldast.

**Rådmannen sine merknader og tilråding**

Det er komme inn mange merknader til forslaget om nedklassifisering av heile eller deler av kommunale vegar utanfor regulert område. Merknadene er vedlagt saken. Engasjementet har vært stort frå dei som brukar vegane som tilkomst for bustad, fritidsbygg, fritidsaktivitet og næringsverksemd. Alle dei råka ønsker at vegane skal bli varande kommunale. I fleire av dei innkomne merknadane tas det til orde for at nedklassifisering vil føra til fråflytting, redusert velferd, problem med tilkomst i vinterhalvåret dersom vegvedlikehaldet overførast til private, vegen kan bli stengt av grunneigar, stopp i busstransport og renovasjon osv.

Det å ha gode vegar der folk bur i kommunen er viktig, men det betyr ikkje at det er kommunen som skal ha ansvar for alt vedlikehaldet. Kommunen har heimel i veglovens § 7.3 til nedklassifisering av

kommunal veg. I kommunestyresak 22/15 blei kriteriene for nedklassifisering vedtatt. Kriteriene er laga etter ei skjønsmessig vurdering. Likebehandling av vegar som er samanliknbare i funksjon har stått sentralt. Det vil sei at vegens funksjon i stor grad er bestemmende for vegens status. Rådmannen ser at nedklassifisering vil auka kravet til eigeninnsats frå dei råka, men finn at dette er godt grunna i kommunens behov for å prioritere lovpålagte oppgåver og redusere veksten i utgifter til drift og vedlikehald av vegar.

Kommunestyret vedtok i møte den 21.06.16, sak 47/16 å nedklassifisere 6 stk. kommunale kaiar til privat kai. Vegane direkte til kaiane blei også nedklassifisert. Dette gjeld for Odland kai, Hundsnæs kai, Gismarvik kai, Muslandsvåg kai og Susort kai. For Susort kai blei den nedre delen av vegen, ca. 100 meter, nedklassifisert. Vegen til Susort kai er derfor ikkje med i rådmannens forslag til vedtak i denne saka. Yrkje kai ble også vedtatt nedklassifisert, jfr. rådmannens merknader til privatisering av siste del av vegen før kaien.

Rådmannen foreslår at 4 stk. vegar fortsatt skal være kommunale, men at vintervedlikehaldet overførast til private. Dette gjeld vegar som gir tilkomst til turområder; veg nr. 3 Hålandsvegen, veg nr. 12 Aksland, veg nr. 16 Erland og veg nr. 20 Sandbekken, vedlikehald på bestilling om vinteren. Turaktiviteten er liten gjennom vinterhalvåret.

Dersom kommunen har eller får verksemd som er avhengig av tilkomst via veg som er nedklassifisert, må kommunen dekke sin del av vedlikehaldsutgiftene, jfr. Veglova §54, §55, til veglaget etter bruksomfanget. Kommunen tiltrer/blir da medlem i veglaget. Dette vil være aktuelt for bla. vegen til Støla.

#### Vedlegg

- 1 Hålandsvegen
- 2 Leirå
- 3 Erland
- 4 Hervik
- 5 Straumsvegen
- 6 Alstveit  
(Hinderåvåg)
- 7 Støla
- 8 Baustadvegen
- 9 Aksland
- 10 Stuvikneset  
(Nedstrand)
- 11 Sundfør  
(kaien)
- 12 Hersdal
- 13 Romsalandsvegen
- 14 Espeviklia
- 15 Silgjerdalen  
+ arm til  
Silgjerd
- 16 Bjellandsvegen
- 17 Dalavegen
- 18 Skogøy
- 19 Sandbekken
- 20 Skoglandsvegen
- 21 Vatnem
- 22 Sandvik  
(Kårstø)
- 23 Brattebø,  
Haugsnæsset,

- med arm til  
småbåthamna
- 24 Brekke
- 25 E39, Sundfør
- 26 Merknader til  
nedklassifiseri  
ng av  
kommunale  
vegar
- 27 Merknad  
Brattebø,  
Haugneset